

		<h1>REFERAT</h1> <p><b>STYREMØTE, fredag 26. april 2019 kl. 16-1830</b>  <b>STAD: Vika i Hol</b></p> <p>Tilstades: Grethe Larsgard Rudningen, Inger Grostølen, Eva Almhjell. Margarethe L'orange meldte forfall.  Kasserar Ola Ruud (økonomi)</p> <p>Referat: Grethe Larsgard Rudningen, 29.4.2019</p>
	<b>Tema</b>	<b>Ansvar/Oppfølging</b>
1	Gjennomgang av dagsorden til Årsmøtet 2019. Arbeidsdeling – avvikling av møtet.	Styret nøgd med årsmøteinnkallinga. Arbeidsoppgaver fordelt.
2	Val 2019 – på val: Oddvar Reinton (valnemnda).	Styret gjekk igjennom valnemnda si innstilling og godkjente leiaren sitt forslag til kandidat i valnemnda.
3	Årsmelding 2018	Styret sers nøgd.
4	Årshefte 2019	Styret var sers nøgd med Årshefte 2019, både form og innhald, og godkjente trykkekostnadene på kr. 10 584. 150 x. Styret sers nøgd. Det bestemte at Eva A. tek vare på restopplaget av Årshefte 2019.  Eva A hadde sendt ut Årshefte 2019 til alle medlemmer etter eigen distribusjonsliste (sendt styret). Årsmøtedeltakarane fekk eitt eksemplar kvar og resten blir omdelt av styremedlemmene etter eigen distribusjonsliste.  Årshefte 2019 er også publisert på <a href="http://www.olavslettoselskapet.no">www.olavslettoselskapet.no</a>
5	OLAV SLETTA-DAGEN 2019	Eva Almhjell har det faglege ansvaret for OSD 2019. Programmet er klart. Styret ynskjer at f.d. leiar i Olav Sletto-selskapet står for programleinga av OSD 2019 laurdag 12.10.2019, og at «hennar» styremedlemmer hjelper til med det praktiske. Ho tek også ansvaret for å koordinere marknadsføringa av OSD 2019-programmet hausten 2019.  Økonomisk ramme (eige budsjett) på ca. kr. 35 000. Økonomisk støtte: Søknader er sendt til SKUE, ÅL mållag, Buskerud mållag, Hol mållag, Norsk Kulturråd (juni) og Ål kommune.  Status pr. 26.4.: Kr. 5000 frå Skue, kr. 4000 frå Ål kommune. Avslag frå Hol mållag.  Arrangørar: OSS, alle biblioteka i Hallingdal, Leveld Kunstnartun, Ål bonde- og småbrukarlag, Kulturlandskap Leveld. Alle bidreg med marknadsføring av OSD 2019.  Økonomisk er Olav Sletto-selskapet å belaste/belønne for OSD 2019.

6	Prosjekt «Digitalisering av Sletto-arkivet»	<p>Eva Almhjell orienterte.</p> <p>Fase I (transkriberingar av arkivstoff) i dette store og omfattande prosjektet er gjennomført og avslutta. (2018). Fase II (publisering på <a href="http://www.olavslettoselskapet.no">www.olavslettoselskapet.no</a> let seg ikkje gjennomføre grunna manglande økonomisk støtte.</p> <p>Nye arkiveigarar er, etter det styret forstår, Olav Sletto sine etterkomarar (10), som har avløyst det offentlege (Hol kommune) som eigar. 8 av 10 har gitt skriftleg støtte til OSS v/Eva Almhjell sitt vidare arbeid med materiale frå arkivet, herunder publisering.</p> <p>Styret har sendt Hol kommune brev om status kva gjeld eigarskap mv. Det er opptil Hol kommune og eigarane av Sletto-arkivet å følgje opp den uavklara situasjonen.</p> <p>Styret har tidlegare konkludert med at Hol bygdearkiv er ein god stad for Sletto-arkivet.</p> <p><b>Det er den som har transkribert arkivstoffet som eig dette. All bruk av det transkriberte materialet må avtalast med den som har transkribert det, dvs. Margarethe L'orange, Eva-Cecilie Skaarberg og Eva Almhjell.</b></p> <p>Styret var nøgd med orienteringa og prosjektstatus.</p>
7	Årsplan og budsjett for OSS 2019	<p>EvaA minna om årspeng 2019 då ho posta Årshefte 2019 til dei som ikkje hadde betalt før påske. Budsjett 2019 er i prosess.</p>
8	Rekneskap 2018 og status pr. dd. 2019	<p>Kasserar Ola Ruud orienterte. Styret signerte bilag på gavekjøp til Jørn Øyrehagen Sunde. Revisor har ingen merknader til rekneskapen. Styret er nøgd med rekneskapen 2018. Kontingentsstatus pr. 26.4.19: 60 medlemmer har betalt årspengar for 2019 (kr. 12 000).</p>
9	Eventuelt:	<p>Eva Almhjell orienterte om diverse sidan sist:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-EvaA har publisert ein artikkel om Olav Sletto på <a href="http://www-lokallhistoriewiki.no">www-lokallhistoriewiki.no</a> Ho arbeider med å få inn ein liknande artikkel i Store norske leksikon på nett.</li> <li>-Eva-Charlotte Mørk tek initiativ for å prøve skapa interesse for Olav Sletto som fantasy-forfattar ved NTNU. Status: Førebels ingen framdrift.</li> <li>-Styreleiar har tilbydd ei orientering til Hol kommune-styre om utviklinga i Olav Sletto-selskapet etter eigarskifte av Sletto-arkivet. Ordføraren prøver få plass til dette i mai-møtet.</li> </ul> <p>EvaA minner om at oppdatert valinfo etter årsmøtet må skrivast inn i Brønnøysundregisteret.</p> <p>Margarethe L'orange blei bedt om å overta som web-ansvarleg.</p>